



Utval:	<b>Helse- og omsorgsutval</b>
Møtestad:	møterom, Midsund omsorgsenter
Dato:	03.05.2017
Tid:	13:00

Vi minner om reglane i kommunelova om møteplikt og lovleg forfall, og rett til fri frå arbeid. Forfall med grunngeving må meldast snarast på telefon 71270500. Varamedlemar skal ikkje møte utan særskilt innkalling. Dersom det er behov for meir informasjon i sakene, ta kontakt med rådmann før møtet. Innsyn i ikkje utsendte saksdokument kan du få ved å henvende deg til servicetorget. Nye forslag/endringsforslag bør vere utforma på førehand for å sikre betre møteeffektivitet. Eventuelle habilitetsspørsmål bør avklarast med ordføraren før møtet.

**SAKSLISTE**

<b>Saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkivsaknr</b>
PS 17/6	Godkjenning av protokoll Referatsaker	
PS 17/7	Søknad om skjenkebevilling, enkeltarrangement, Midsund Marina fredag 02.06. og laurdag 03.06.2017	2017/145
PS 17/8	Søknad om skjenkebevilling, enkeltarrangement, Midsund Marina 24.06.17	2017/145
PS 17/9	Årsmelding - Årsrekneskap 2016	2017/182

Midsund 21.04.17

Lars Joar Hagseth  
Leiar  
Malvin Gjendem Bjørnerem  
Utvalsekretær

**PS 17/6 Godkjenning av protokoll**

**Referatsaker**



Utval:	<b>Helse- og omsorgsutval</b>
Møtestad:	Møterom, Midsund omsorgsenter
Dato:	02.03.2017
Tid:	13:00

**Faste medlemmar som møte:**

Namn	Funksjon	Parti
Lars Joar Hagseth	LEDER	AP
Eli Linda Nesje	NESTL	KRF
Svein Misund	MEDL	V
Oline Blø	MEDL	AP
Liv Sissel Fanum	MEDL	SP

**Faste medlemmar som ikkje møte:**

Namn	Funksjon	Parti
------	----------	-------

**Varamedlemmar som møte:**

Namn	Vara for:	Parti
------	-----------	-------

**Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Leif Arne Lagesen	Einingsleiar
Malvin Gjendem Bjørnerem	Utvalsekretær

**Underskrift:**

Vi stadfestar med underskriftene våre at møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Lars Joar Hagseth

Eli Linda Nesje

Svein Misund

Oline Blø

Liv Sissel Fanum

## SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 17/5	Godkjenning av protokoll Referatsaker	

Det vart halde møte i Helse- og omsorgsutvalet den 02.03.2017 ved Midsund Omsorgsenter. Møtet vart leia av Lars Joar Hagseth og tok til kl 13:00.

Utvalet var fulltaleg og vedtaksfør.

Leiar Lars Joar Hagseth ønsker å ta ein diskusjon på om det er eit behov om å opprette eit brukarutval for sjukeheimen/ heimesjukepleien i Midsund som er oppe og går før kommunesamanslåinga. Det vart sett på brukarutval i andre kommunar og Leif Arne Lagesen fekk i oppdrag å lage eit forslag til mandat og retningslinjer til brukarutvalet basert på dette.

Lars Joar Hagseth vil ta opp under open post i kommunestyret om utvalet kan få mandat til å jobbe med alt som vedgår kommunesamanslåing.

### **PS 17/5 Godkjenning av protokoll**

#### **Samrøystes vedtak i Helse- og omsorgsutval - 02.03.2017**

Protokoll frå møte den 26.01.2017 vert godkjent.

Møtet vart heva kl 14:10.



**Midsund kommune**  
Servicekontoret

Arkivsak: 2017/145-2  
Arkiv: U63  
Saksbeh: Astrid Abelseth  
Dato: 03.04.2017

**Saksframlegg**

**Søknad om skjenkebevilling, enkeltarrangement, Midsund Marina fredag 02.06. og laurdag 03.06.2017**

Utvalsak	Utval	Møtedato
17/7	Helse- og omsorgsutval	03.05.2017

**Forslag til vedtak:**

Midsund Marina får løyve til å skjenke alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 i samband med gjennomføring av arrangement: 02.06.17 og 03.06.17, forutsett godkjenning frå Lensmannen.

Løyvehavar: Midsund Marina  
Skjenkestad: Midsund Marina sitt servicebygg G.nr 48 br.nr 108, båthamna i Midsund sentrum.  
Styrar: Jarle Sanden, f. 26.11.60  
Nestansvarleg: Leiv Magne Ugelvik, f. 07.03.57  
Alkoholvare: Alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2, dvs. drikk som inneheld mindre enn 22 volumprosent alkohol  
Type løyve: Løyve for ei bestemt anledning jf § 1-6, 2. ledd i Alkohollova  
Løyveperiode: 02.06.17 til 04.06.17  
Skjenkeareal: I Midsund Marina sitt servicebygg, og innanfor eit avsperra område på Midsund Marina sin eigedom.  
Skjenketid: 02.06.17 kl 20:00 til 03.06.17 kl 02:00 og 03.06.17 kl 20.00 til 04.06.17 kl 02.00.  
Sluttid: Kl 03.00. Alkoholhaldig drikk må vere konsumert seinast 30 min etter at skjenketida har gått ut.  
Løyvegebyr: Midsund kommune fastset løyvegebyr, jf Alkohollova § 7-1, 2. ledd. Løyvehavar skal levere omsetningsrapport til kommunen  
Vilkår: Ved aldersgrense 15 år, må dei som er under 18 år ha armband med annan farge, og ikkje serverast alkoholhaldig drikk.  
\* Pålegg frå politiet knytt til ordensvakter må etterkomast.

**Saksutgreiing:**

Midsund Marina v/Jarle Sanden søker om skjenkeløyve gruppe 1 og 2 i samband med arrangement i regi av Midsund Marina på følgjande tidspunkt:

- Fredag 02.06.17 og laurdag 03.06.17

Skjenketida det er søkt om for begge dagane er frå kl 20:00 – kl 02:00

Ifølgje Alkohollova og tilhøyrande forskrifter er nemninga øl og vin inndelt i grupper etter alkoholinnhaldet slik:

**Gruppe 1:** - drikk som inneheld over 2,5 og høgst 4,7 volumprosent alkohol

**Gruppe 2:** - drikk som inneheld over 4,7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol.

I søknaden står det m.a. at arrangementet vil finne stad på Midsund Marina sitt servicebygg g.nr 48 bnr 108 og innanfor eit avsperra område på Midsund Marina sin eigedom. Aldersgrensa er 15 år. Dei som er under 18 år vil få armband med annan farge.

Spesielle tiltak: All synleg medbrakt alkohol vert beslaglagt. Det vert selt alkohol berre til dei som er over 18 år.

Jarle Sanden er sett opp som skjenkestyrar og Leiv Magne Ugelvik er sett opp som nestansvarleg. Når skjenkeløyve vert gjeve etter § 1-6, 2. ledd i Alkohollova vert det ikkje sett krav om avlagt/bestått kunnskapsprøve jf § 1-7c 3. ledd i same lov.

Ifølgje Alkohollova § 1-5 er nedre grense for sal, skjenking eller utlevering av alkoholhaldig drikk for gruppe 1 og 2 18 år.

Ifølgje Alkohollova § 7-1, 2. ledd skal løyvegjevar fastsette gebyr for skjenkeløyve gjeve for ei bestemt anledning.

### **Vurdering:**

Søknaden må sjåast på som ei ordinær kommunal bevilling avgrensa for eit enkelt arrangement jf Alkohollova § 1-6, 2. ledd. Innehavar av skjenkeløyve må sjå til at Alkohollova med forskrifter vert følgd under arrangementet. Midsund kommune står fritt til å utføre kontroll med skjenkinga under avvikling av arrangementet.

Det er innhenta uttale frå Politiet. Lensmannen har ingen politimesseige merknader til arrangementet eller dei personane som er sett opp som ansvarleg for skjenkinga.

Det er søkt om skjenketid fram til kl 02.00. Alkoholservering skal vere slutt 1 time før sluttid på arrangementet, likt med dei andre løyva i kommunen for skjenking av alkohol. Alkoholhaldig drikk må vere konsumert seinast 30 min etter at skjenketida har gått ut. Sluttid for arrangementet blir seinast kl 03.00.

### **Konklusjon:**

Med bakgrunn i ovanfornemnde finn Rådmannen å kunne tilrå at Midsund Marina får løyve til å skjenke alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 i samband med gjennomføringa av arrangementet i tida 02.06.17 – 04.06.17 .

**Sluttid** for arrangementa vert sett til kl 03.00. Alkoholhaldig drikk må vere konsumert seinast 30 minutt etter at skjenketida har gått ut.

**Skjenketid** for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 vert slik kl 20.00 – kl 02.00

**Skjenkeareal** Midsund Marina sitt servicebygg på området ved småbåthamna i Midsundbukta og innanfor eit avsperra område på Midsund Marina sin eigedom.

**Skjenkestyrar er Jarle Sanden**  
**Nestansvarleg er Leiv Magne Ugelvik**

Ketil Ugelvik  
rådmann

Astrid Abelseth  
Rådgjevar

**Vedlegg (prenta): Søknad om skjenkeløyve**

**Vedlegg (uprenta):**

**Særutskrift går til: Midsund Marina v/ Jarle Sanden, Stuttnesvegen 25, 6475 Midsund  
Lensmannen i Sund, Aukraringen 11, 6480 Aukra  
Nordfjeldske Kontroll AS, 7282 Bogøyvær**



**Midsund kommune**  
Servicekontoret

Arkivsak: 2017/145-3  
Arkiv: U63  
Saksbeh: Astrid Abelseth  
Dato: 03.04.2017

**Saksframlegg**

**Søknad om skjenkebevilling, enkeltarrangement, Midsund Marina 24.06.17**

Utvalsak	Utval	Møtedato
17/8	Helse- og omsorgsutval	03.05.2017

**Forslag til vedtak:**

Midsund Marina får løyve til å skjenke alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 i samband med gjennomføring av arrangement: 24.06.17, forutsett godkjenning frå Lensmannen.

Løyvehavar: Midsund Marina  
Skjenkestad: Midsund Marina sitt servicebygg G.nr 48 br.nr 108, båthamna i Midsund sentrum.  
Styrar: Jarle Sanden, f. 26.11.60  
Nestansvarleg: Leiv Magne Ugelvik, f. 07.03.57  
Alkoholvare: Alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2, dvs. drikk som inneheld mindre enn 22 volumprosent alkohol  
Type løyve: Løyve for ei bestemt anledning jf § 1-6, 2. ledd i Alkohollova  
Løyveperiode: 24.06.17 til 25.06.17  
Skjenkeareal: I Midsund Marina sitt servicebygg, og innanfor eit avsperra område på Midsund Marina sin eigedom.  
Skjenketid: 24.06.17 kl 20:00 til 25.06.17 kl 02:00.  
Sluttid: Kl 03.00. Alkoholhaldig drikk må vere konsumert seinast 30 min etter at skjenketida har gått ut.  
Løyvegebyr: Midsund kommune fastset løyvegebyr, jf Alkohollova § 7-1, 2. ledd. Løyvehavar skal levere omsetningsrapport til kommunen  
Vilkår: Ved aldersgrense 15 år, må dei som er under 18 år ha armband med annan farge, og ikkje serverast alkoholhaldig drikk.  
\* Pålegg frå politiet knytt til ordensvakter må etterkomast.



## **Saksutgreiing:**

Midsund Marina v/Jarle Sanden søker om skjenkeløyve gruppe 1 og 2 i samband med arrangement i regi av Midsund Marina på følgjande tidspunkt:

- Laurdag 24.06.17

Skjenketida det er søkt om er frå kl 20:00 – kl 02:00

Ifølgje Alkohollova og tilhøyrande forskrifter er nemninga øl og vin inndelt i grupper etter alkoholinnhaldet slik:

**Gruppe 1:** - drikk som inneheld over 2,5 og høgst 4,7 volumprosent alkohol

**Gruppe 2:** - drikk som inneheld over 4,7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol.

I søknaden står det m.a. at arrangementet vil finne stad på Midsund Marina sitt servicebygg g.nr 48 bnr 108 og innanfor eit avsperra område på Midsund Marina sin eigedom. Aldersgrensa er 15 år. Dei som er under 18 år vil få armband med annan farge.

Spesielle tiltak: All synleg medbrakt alkohol vert beslaglagt. Det vert selt alkohol berre til dei som er over 18 år.

Jarle Sanden er sett opp som skjenkestyrar og Leiv Magne Ugelvik er sett opp som nestansvarleg. Når skjenkeløyve vert gjeve etter § 1-6, 2. ledd i Alkohollova vert det ikkje sett krav om avlagt/bestått kunnskapsprøve jf § 1-7c 3. ledd i same lov.

Ifølgje Alkohollova § 1-5 er nedre grense for sal, skjenking eller utlevering av alkoholhaldig drikk for gruppe 1 og 2 18 år.

Ifølgje Alkohollova § 7-1, 2. ledd skal løyvegjevar fastsette gebyr for skjenkeløyve gjeve for ei bestemt anledning.

## **Vurdering:**

Søknaden må sjåast på som ei ordinær kommunal bevilling avgrensa for eit enkelt arrangement jf Alkohollova § 1-6, 2. ledd. Innehavar av skjenkeløyve må sjå til at Alkohollova med forskrifter vert følgd under arrangementet. Midsund kommune står fritt til å utføre kontroll med skjenkinga under avvikling av arrangementet.

Det er innhenta uttale frå Politiet. Lensmannen har ingen politimessige merknader til arrangementet eller dei personane som er sett opp som ansvarleg for skjenkinga.

Det er søkt om skjenketid fram til kl 02.00. Alkoholservering skal vere slutt 1 time før sluttid på arrangementet, likt med dei andre løyva i kommunen for skjenking av alkohol. Alkoholhaldig drikk må vere konsumert seinast 30 min etter at skjenketida har gått ut. Sluttid for arrangementet blir seinast kl 03.00.

## **Konklusjon:**

Med bakgrunn i ovanfornemnde finn Rådmannen å kunne tilrå at Midsund Marina får løyve til å skjenke alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 i samband med gjennomføringa av arrangementet 24.06.17.

**Sluttid** for arrangementa vert sett til kl 03.00. Alkoholhaldig drikk må vere konsumert seinast 30 minutt etter at skjenketida har gått ut.

**Skjenketid** for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 vert slik kl 20.00 – kl 02.00

**Skjenkeareal** Midsund Marina sitt servicebygg på området ved småbåthamna i Midsundbukta og innanfor eit avsperra område på Midsund Marina sin eigedom.

**Skjenkestyrar** er Jarle Sanden

**Nestansvarleg** er Leiv Magne Ugelvik

Ketil Ugelvik  
rådmann

Astrid Abelseth  
Rådgjevar

**Vedlegg (prenta):** Søknad om skjenkeløyve

**Vedlegg (uprenta):**

**Særutskrift går til:** Midsund Marina v/ Jarle Sanden, Stuttnesvegen 25, 6475 Midsund  
Lensmannen i Sund, Aukraringen 11, 6480 Aukra  
Nordfjeldske Kontroll AS, 7282 Bogøyvær



**Midsund kommune**  
**Rådmannen**

Arkivsak: 2017/182-1

Arkiv:

Saksbeh: Ketil Ugelvik

Dato: 06.04.2017

**Saksframlegg**

**Årsmelding - Årsrekneskap 2016**

Utvalsak	Utval	Møtedato
17/11	Rådet for funksjonshemma	20.04.2017
17/10	Eldrerådet	25.04.2017
17/15	Ungdomsrådet	27.04.2017
17/14	Naturbruksnemnda	18.04.2017
17/4	Oppvekst- og kulturutval	26.04.2017
17/9	Helse- og omsorgsutval	03.05.2017
17/22	Formannskapet	27.04.2017
	Kommunestyret	

**Forslag til vedtak:**

1. Årsrapporten for Midsund kommune 2016, som inneheld årsrekneskap og årsmelding vert godkjend. Driftsrekneskapen viser eit meirforbruk på kroner 684.739
2. Det rekneskapsmessige meirforbruket i 2016 på kroner 684.739 vert dekt inn i 2017 ved bruk av disposisjonsfond.
3. Investeringsrekneskapen viser eit mindre-/meirforbruk på kroner 0.
4. Finansrapporten per 31.12.2016 vert godkjend.

**Samrøystes vedtak i Rådet for funksjonshemma - 20.04.2017**

1. Årsrapporten for Midsund kommune 2016, som inneheld årsrekneskap og årsmelding vert godkjend. Driftsrekneskapen viser eit meirforbruk på kroner 684.739
2. Det rekneskapsmessige meirforbruket i 2017 på kroner 684.739 vert dekt inn i 2017 ved bruk av disposisjonsfond.
3. Investeringsrekneskapen viser eit mindre-/meirforbruk på kroner 0.
4. Finansrapporten per 31.12.2016 vert godkjend.

## **Samræystes vedtak i Naturbruksnemnda - 18.04.2017**

1. Årsrapporten for Midsund kommune 2016, som inneheld årsrekneskap og årsmelding vert godkjend. Driftsrekneskapen viser eit meirforbruk på kroner 684.739
2. Det rekneskapsmessige meirforbruket i 2017 på kroner 684.739 vert dekt inn i 2017 ved bruk av disposisjonsfond.
3. Investeringsrekneskapen viser eit mindre-/meirforbruk på kroner 0.
4. Finansrapporten per 31.12.2016 vert godkjend.

### **Saksutgreiing:**

Rådmannen har utarbeidd årsrapporten, jf Kommunelova §48.1 der det vert vist til kommunen si plikt til å utarbeide årsmelding og årsrekneskap. Same paragraf seier meir om kva årsrapporten skal innehalde og omtale.

Årsrapporten er ei samla framstilling der årsrekneskapen med revisjonsmelding, finansrapport, samt årsmelding for 2016 vert lagt fram til politisk behandling.

Årsrapporten gir ei oversikt over kva Midsund kommune produserte av tenester i 2016. Rapporten fortel og noko om omfang, kvalitet og ressursbruk. Rådmannen har varsla sterkare fokus på arbeid med kvalitet og kvalitetsforbetring.

Rådmannen håpar årsrapporten kan fungere som eit informasjonsdokument for innbyggjarane, næringslivet og andre interesserte. Driftsrekneskapen syner eit meirforbruk på kroner 684.739. Investeringsrekneskapen viser eit mindre-/meirforbruk på kroner 0.

### **Vurdering:**

Skal underskotet inndeckast i år eller skal ein skuve det over til neste år? Viser til vedlagt vedlegg der dette spørsmålet vert drøfta. I og med at Midsund kommune har eit disposisjonsfond, rår rådmannen til at meirforbruket(underskotet) vert dekt inn i 2017.

### **Økonomiske / administrative konsekvensar:**

Disposisjonsfondet vert redusert med kroner 684.739.

Ketil Ugelvik  
Rådmann

### **Vedlegg (prenta):**

Skriv om dekking av underskot.

Årsrapporten for 2016

### **Vedlegg (uprenta):**

### **Særutskrift går til:**